

bøker

Rom for djupe kjensler


Sidan vi forstår bilete meir intuitivt enn ord, er gode bildebøker godt eigna til å ta opp tunge tema som depresjon og livstruande sjukdom.

«**KAKERLAKKEN MED** den stygge frakken... og hovudet fullt av triste tankar» er sponsa av ei stifting under Rådet for psykisk helse, og målet er truleg å lære barn kva depresjon er.

Det vesle insektet med to føter og fire armar leiker lukkeleg i sola, men så kjem hausten: «Redd for å blø. Redd for å dø. Vinteren tek ofte knekken på småkryp. Det veit ho. Men ho er òg redd for å leve.» Doktoren diagnostiserer vintertankar, haustredsel og depresjon. Verre for kakerlakken er det at ho blir erta for den stygge vinterfrakken. Ho ber nordlyset om å ta henne til seg, men roper fáfengd mot himmelen. Håpet kjem i form av ein engleaktig møll: «Engelen fortel at det finst mange små soler i verda sjølv om hausten og vinteren gøymer den verkelege sola. Ein må berre sjå seg rundt.»

FOR EIN DEPRIMERT lesar, må dette verke provoserande lett-vint. Den som er skikkeleg deprimert, er vel bortimot immun mot dei mange små solene som lyser opp vintermørkret? Typisk for depresjon er overtydinga om at tungsinn kjem til å vare ved. Då er det sjølv sagt viktig å bli fortalt at depresjon brukar å gå over, at håp finst.

I denne boka er sjukdommen knytt til vintermørkre, mobbing og einsemd. Det er desse ytre påkjenningane som får kakerlakken til å kjenne seg stygg og

bok **biletbok**

Martine Grande
«Kakerlakken med den stygge frakken ... og hovudet fullt av triste tankar»
Samlaget



Gryd Axe Øvsteng
Per Ragnar Møkleby
«Førstemamma på Mars»
Samlaget



DRISTIG SAMSPEL: Gryd Axe Øvsteng har skrive ei svært god biletbok om ei mor som blir alvorleg sjuk.

FOTO: DAG JENSEN

vonlaus, og i mismotet forsvinn sanninga om kven ho er. Slik har Grande fanga depresjonens vesen. Løysinga er likevel i enklaste laget. Kan hende fungerer boka best som ei påminning om kor viktig det er å vere ein venn.

TEKSTEN ER snodd stilig rundt bileta, men dynamikken veg ikkje heilt opp for at både perspektiva og det deprimerte fjeset til kakerlakken kan bli litt

einsformig etter kvart. Bileta kunne gjerne gripe meg sterkare.

DET ER FØRST I «Førstemamma på Mars» ein verkeleg får oppleve kva for kjensledjup eit dristig samspel mellom ord og bilete kan ta oss med på. Eg-personen vil ikkje ha noko av at mamma er på sjukehus. Kan hende er mamma på jobb? Eller er mamma på Mars? «Det finst ikkje liv på Mars»,

svarar pappa. Det viser seg at det nok likevel er dit mamma er på veg.

JENTA MÅ erkjenne at mamma er alvorleg sjuk, for deretter å våge å bli med på sjukehuset. Fortrenginga er skild ut som sprelske svart-kvitt-fantasier om kor mamma er. Så fyller raseriet sidene, før vi aner redsla i den vesle jenta.

Teksten treng ikkje seie noko om å kjenne seg lita

og makteslaus når bileta viser sjukehuset som rad på rad av vindauge og lange korridorar. Orda er sparsamt fordelt. Bileta vågar å dvele. Ei side er delt inn i tolv ruter som alle viser pappa og jenta i heisen på sjukehuset – etasje for etasje. Så intenst, så nært og likevel med så mykje rom for kvar einiskild til å oppleve forteljinga akkurat på sin måte. Råsterkt!

GURI FJELDBERG

Brodert biletbok

Om ikkje denne utgivinga var støtta av Leser søker bok, ville eg insistert på at ho var laga mest for treåringar. Stiftinga støttar utgivingar for lesarar med særskilde behov, noko som i dette tilfellet betyr at ho òg er mynta på psykisk utviklingshemma. Eg undrar meg på om uttrykket kan bli i barnslegaste laget for alle over sju år – utviklingshemming eller ikkje. Peri og Peti er i alle fall ikkje stort meir enn «hodefotingar». Om det ikkje akkurat verkar meir «moge» at bileta er broderte i staden for teikna, så verkar det i alle fall meir eksklusivt.

Helga Gunerius Eriksen er ein erfaren og flink forfattar av lettlesne tekstar, men brukar ikkje sjølv stå bak illustrasjonane. No har ho teke nål og tråd fatt. Boksiden verkar intuitivt utforma. Verda til Peri og Peti er bygd opp blant anna av krosssting, attersting, løkkesting og tungesting, samt stoffbitar og eit mangfald av knap-

bok **biletbok**

Helga Gunerius Eriksen
«Peri og Peti vender om»
Samlaget

Lett å lese høgt, forunderleg å oppleve, men ikkje heilt gjennomført

par og perler. Både underleg og velkjent på ein gong. Her angar sygdele og overskot. Kor synd då at broderia er fotograferte så flatt at det taktile ikkje kjem skikkeleg fram.

Historia er enkel. Peri og Peti dreg på tur. Peti vil dit, medan Peri vil hit, men nokon konflikt blir det aldri. Dei sansar verda saman, kjenner på

vatnet, ser på fisk, smakar på nista. Så kjem fare i form av to klumpete skikkelsar med krossstingsauge malt på dongeri. Dette er spenning for lesarar av den lettskremde sorten. Aristoteles kalla vendepunktet i eit drama for peripeti. Dei to vil snu, heilt i tråd med bok-tittelen «Peri og Peti vender om». Diverre held flukta fram mot høggre på boksiden, dei følgjer lese-retninga, slik at snuinga ikkje er så lett å oppfatte. Rørslar mot høggre tolkar vi som ut i verda, mot venstre er heim. Kan hende er det heilt andre plassar enn heim dei er på veg. Dei flyktar inn i natta og kjem forandra ut att, nett slik Aristoteles krev av eit avgjerande vendepunkt.

Det er heilt uforståeleg at ikkje den knappe teksten er brodert inn i bileta. Utan denne lettvinde løysinga ville originalane vore ei utstilling verdig.

GURI FJELDBERG

Tøff tøff sier farfars bil

Ting jeg har lært denne uken: Lars Fiskes farfar var visstnok med å starte en av de første automobilfabrikkene i Norge. Boken «I farta med farfar» er lagt til starten av 1900-tallet, og kan dermed ikke være en fullstendig selvbiografisk historie fra relativt unge Fiske. Her handler det om en biltur med alle hestekrefter og fliremsler i arbeid, når mormor sitter bak rattet og farfar er kommenterende og pipe-røykende guide gjennom by og land.

Om boken virker litt kjent, er det fordi den er bygd over samme lest som «Kom så løper vi», Lars Fiskes barnebok som vant både billedbokpris og Årets vakreste bokpris i 2002. Hadde jeg vært betydelig eldre og enda mer pekefingrete, ville jeg påpekt at mens barna i «Kom så løper vi» er aktive små kaosdyr som velter seg i hurlumhei, så er de to barna nå passive tilskuere i baksetet på bilen. Det

bok **bildebok**

Lars Fiske
«I farta med farfar»
No Comprendo Press

Lars Fiskes nye barnebok har gassen i gulvet, men er den for veloppdragen?

gir en annen dynamikk til boken som noen vil sette pris på og andre ikke, men helhetsinntrykket er betydelig mer veloppdragen i «I farta med farfar».

Om du ikke kjenner navnet Lars Fiske, så kjenner du streken hans. Den har preget alt fra A-magasinet til melkekartonger, og ikke minst så

har han laget sjanger-definerende tegneseriebiografier for voksne, som «Herr Merz» (om kunstneren Kurt Schwitters) og «Olaf G» (om tegneren Olaf Gulbranson, sammen med Steffen Kverneland). Streken sitter i høyeste grad i førersetet i denne barneboken også. Jeg er stadig fristet til å kalle det en bildebok, for tegningene er laget i et breddeformat som strekker seg over halvmeteren, med høyst et par linjer tekst på hver side.

Ingen tegner mennesker morsommere, mer varierte og nestenabstrakte enn Lars Fiske. Mens bilturen går gjennom mange ulike miljøer, møter leseren alskens raringer på mer eller mindre antikke transportmidler. Dermed er dette en biltur som også voksne vil like, kanskje spesielt fordi den ikke inneholder et eneste «er vi fremme snart?».

WALTER N. WEHUS